



Ein ny båt i Sørfonn klassen (Fitjar Mekaniske Verkstad) er sjøsett på Eidsvik.

Det var stor aktivitet på Eidsvik i går. Ein ny arbeidsbåt i Sørfonn klassen vart sjøsett og slept til Fitjar for ferdigstilling. Neste skrog vart trilla ut på kaien og snudd. Alt vart gjort av kranskip og slepebåt frå Eide Marine. Det er Fitjar Mekaniske Verkstad AS som har utvikla design og konseptet for bygginga av desse fartya.



Neste skrog vert trilla ut av byggehallen for sning.

Sørfonn klassen er spesialbygde båtar for anlegg- og oppdrettsnæringa. Båtane har ei lengde på 15 meter og ei breidde på 12 meter. Fartya er tenkt for døgndrift og utstyrt med to kraftige kranar. På mannskapssida er båtane innreia med fire lugarar og messe.

Om lag 60 % av jobben vert gjort i Uskedalen. Mellom 20 og 30 mann har arbeidet sitt i Uskedalen med skrogarbeid . Dagleg leiar, Hugo Strand frå Fitjar Mek. fortel at dei har avtale med Eidsvik om bygging to båtar til i Uskedalen før anlegget frå 1. august vert utleigd til Selstad AS, Måløy.

Akterenden på det 193 meter lange lasteskipet EIDE TRANSPORTER, som ligg til kai på Eidsvik, vart trekt frå av Eide sin slepebåt. Det vart gjort for å koma til med kranfarty.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal